

Førde har fått svar på deponi-klagen

Av [FRODE GRIMELID](#)

Publisert: 25. juni 2016, kl. 08:21 Sist oppdatert: 25. juni 2016, kl. 08:22

FØRDE: I fjor klaga politikarane i Førde regjeringa sitt ja til fjorddeponiet inn for EFTA sitt overvåkingsorgan.



Engebøfjellet sett frå Thingneset (Foto: Frode Grimelid)

Grunnlaget for klagen var at Førde formannskap meinte utsleppsløyvet var i strid med EU sitt vassdirektiv.

EFTAs overvåkingsorgan konkluderer med at regjeringa og fagdepartementa har sitt på det tørre. Dei har ikkje vurdert innhaldet i fagrapportane på nytt, men har vurdert kor vidt prosessen har gått rett føre seg i høve vassdirektivet.

I konklusjonen er det to punkt i direktivet som er særleg diskutert. Det eine er at måla i vassdirektivet kan sjåast vekk frå dersom det er til det beste for samfunnet sine interesser. Altså at verdien av arbeidsplassar og næringsutvikling er større enn risikoen for miljøødeleggingar.

Det andre er at alle praktisk moglege grep er tatt for å unngå alvorlege konsekvensar. Med dette meiner ein at det er sett krav om teknologi og tiltak som er teknisk mogleg og innanfor ei realistisk kostnadsramme.

EFTAs overvåkingsorgan kjenner seg trygge på at norske myndigheiter har gjort desse vurderingane på ein tilfredsstillande måte, og konkluderer med at avgjerda om fjorddeponi ikkje er i strid med vassdirektivet.